

Mange ønskjer julemat frå Friheim.

20.12.2017



Bjørg Inga Miljeteig og Friheim Gardsmat har eit godt utval av kjøttvarer av høg kvalitet.

**Det er fullt kjør hos Friheim Gardsmat for tida. Det er tett mellom besøka av kundar som vil sikra seg pinnekjøt eller pinnebog til julemiddagen. I tillegg er det også mange som kjøper annan god julemat eller kjøtmat av Friheimskvalitet som ikkje er direkte knytta til julehøgtida.**

Bjørg Inga Miljeteig kan fortelja at dei stadig opplever aukande etterspørsel etter varene deira. No i førjulstida har det vore svært stor trafikk. Pinnebog og pinnekjøt er dei for lengst utselde for. Dette er på så mange middagsbord julaftan at det må bestillast i svært god tid på førehand. Når det gjeld dette, er det nok lurt å tenkja på neste jul allereie.

- Vi kunne nok selt mykje meir pinnekjøt og pinnebog, men det begrensar seg sidan vi berre lagar av eigne lam, seie Bjørg Inga, og legg til med eit smil at løysinga kanskje er at dei må auka talet på sau.

Ho fortel vidare at i tillegg til salget frå heimegarden øvst i dalen, så har dei delteke på to messer no i førjulstida. I tillegg til 'Jul i Rosendal' er det julemassa på Nå. Dette er gode messer som dei har vore med på i mange år. Forutan pinnekjøt og pinnebog går det også mykje av dei andre varene fram mot jul. Sylteflesket er veldig populært. Dei har og eit godt utval i pølser; - både ulike spekepølser, middagspølser og blodpølse. Dessutan er det fleire og fleire som kjøper grillpølser i Friheim. Den grove leverposteien som Kristin Lamberg lagar, er svært populær på julebordet, og elles er det få som reiser frå Friheim utan at dei har kjøpt eit stykke eller tre av det gode baconet.

- Vi har sorten fenalår igjen og, seier Bjørg Inga og viser fram ein flott variant av desse godsakene. Jau, det er jammen verd ein tur til Friheim Gardsmat både no i førjulstida og elles i året. Mange har oppdaga det!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.